



Miljøverndepartementet  
Postboks 8013 Dep  
0030 OSLO

Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse)  
200902278-3/700.T01/LSUN

Dykkar ref.:  
200900459-5/

Bergen, 20. mai 2009

## **Alminnelig høyring - forskrift om kart - stedfestet informasjon - kommunalt planregister og arealformål - fråsegn**

Vi viser til høyringsbrev dagsett 26. februar 2009 om ny forskrift, som skal tre i kraft samtidig med iverksetting av ny plan- og bygningslov 1. juli 2009.

Ny forskrift vidarefører innhaldet i den gamle forskrifta når det gjeld kart, men vert utvida til å omfatte nye bestemmelsar om kommunalt planregister samt bestemmelsar om bruk av underformål i kommuneplanens arealdel og i reguleringsplanar.

Forskrifta er inndelt i desse hovudkapitla: 1 Fellesbestemmelser, 2 Det offentlege kartgrunnlaget, 3 Fremstilling av arealplan, 4 Kommunalt planregister og 5 Overgangsbestemmelser, ikrafttredelse.

### **Generelt om forskrifta i forhold til fylkeskommunen sine oppgåver**


Forskrifta omhandlar i hovudsak kommunane sine oppgåver og kjem berre i liten grad inn på fylkeskommunane sine roller og oppgåver. Fylkeskommunen har likevel fleire oppgåver knytta til kart og stedfesta informasjon, både som rettleiar, brukar, leverandør og tilretteleggjar av informasjon, og til ein viss grad også som produsent av temadata. I analyser og utgreiningar kan kart og temadata vere både grunnlagsmateriale og produkt.

Sjølv om forskrifta får mest konsekvensar for det kommunale nivået, kunne det vere ønskjeleg om det regionale nivået vart omtalt meir spesifikt når det gjeld kartrelaterte oppgåver. Vi minner òg om at forvaltningsreforma vil medføre omfordeling av ein del oppgåver mellom Fylkesmannen og fylkeskommunen.

Hordaland fylkeskommune har gjennom fleire år utvikla GIS-ekspertise, og er partner i Norge Digitalt-samarbeidet. Oppdatering av arealdata og formidling av arealkunnskap med vekt på kystsona, biologisk mangfald, friluftsområde, kulturminne, kulturlandskap og landbruksområde er ein strategi i fylkesplanen for Hordaland. Karttenester er såleis både ein føresetnad og eit verktøy for å oppfylle areal- og miljømål. Kommunane har her ein nøkkelrolle i og med at det er dei som har det primære ansvaret for arealplanlegging og arealforvaltning.

### **Fylkeskommunen som leverandør og tilretteleggjar**

I plan- og bygningslova står det i kap. 2 Krav om kartgrunnlag, stedfestet informasjon, § 2-1, 1. ledd: " *Statlige, regionale og kommunale organer skal legge stedfestet informasjon til rette slik at informasjonen er lett tilgjengelig for bruk i plan- og byggesaksbehandlingen. Kartgrunnlaget skal også kunne nyttas til andre offentlige og private formål.*"



I 3. ledd står at *Kongen kan bestemme at det skal iverksettes landsomfattende eller lokale prosjekter for å samle, kontrollere, revidere eller supplere plan- og byggesaksinformasjon og det offentlige kartgrunnlaget. Kongen kan pålegge offentlige organer å gi de opplysninger som er nødvendige for å gjennomføre prosjektet.*”

I lovkommentar til plandelen av ny plan- og bygningslov vert dette utdjupa: *”Det åpnes for å gjennomføre landsomfattende eller lokale kartleggingsprosjekter som krever medvirkning fra ulike offentlige organer, herunder å pålegge offentlige fagmyndigheter å bidra med kartinformasjon.”*

*”Departementet kan fastsette forskrifter vedrørende kartgrunnlag, arealplaner, situasjonskart, situasjonsplaner, konsekvensutredninger og annen bruk av kart og stedfestet informasjon til formål som omhandles i loven. ....”*

*”Forskriften vil også kunne omfatte regler om betaling for data fra det offentlige kartgrunnlaget, og for hvordan statlige, regionale og kommunale organer skal tilrettelegge stedfestet informasjon.”*

Vi kan ikkje sjå at høyringsforslaget kjem nærare inn på korleis regionale organ skal tilrettelegge stedfesta informasjon. Det vert heller ikkje opplyst om det kjem forskrift om dette seinare. For nokre fylkeskommunar kan dette truleg fangast opp gjennom i Norge Digitalt-samarbeidet, men her deltek ikkje alle fylkeskommunane.

### **Regionale planar**

I ny plan- og bygningslov er det innført ny bestemmelse om Regional plan. Verken lovteksten eller lovkommentaren nemner kartframstilling eksplisitt for denne plantypen. Det vert likevel sagt at ein ved utarbeiding av arealplanar som vert utarbeidd av andre enn kommunar (vegplanar, samferdselsanlegg, infrastrukturtiltak) skal nytta ordinære planformer på vedkomande nivå. Forskrifta kunne gjerne vore meir klårgjerande på dette punktet.

### **Kommunal planlegging**

Fylkeskommunen har ein rolle som utviklar, rettleiar og formidlar når det gjeld kunnskap og bruk av kartfesta informasjon som grunnlag for kommunal planlegging. Fylkeskommunen er også brukar av plankart frå kommunane i samband med handsaming av plansaker i fylkesadministrasjonen og i fylkespolitiske organ. Kommunale planar er også grunnlag for ulike analyser knytt til fylkesplanlegging og næringsutvikling. Fylkeskommunen har derfor stor interesse av at kommunale plankart vert lett tilgjengelege, klare og eintydige.

### **Kommentarar til tema i ny kartforskrift**

Vi avgrensar i hovudak våre kommentarar til avsnitta i høyringsbrevet, som omtalar Nasjonal arealplan-ID, Elektronisk signatur, Regulering i flere høydennivåer, SOSI produktspesifikasjon for digitalt planregister og arealplan og Utforming av planer som skal fremmes i henhold til ny lov.

#### *Nasjonal arealplan-ID*

Ein eintydig nasjonal identifikasjon for arealplanar, for nedlasting via internett og samanstilling av andre arealplanar på regionalt eller nasjonalt nivå vil vere av stor nytte for vårt arbeid. Fylkeskommunen mottar årleg eit stort tal kommunale planar på høyring, og eit ryddig system som letter tilgangen til nedlasting, og som gjer det enklare å lage analyser og statistikk vil vere av stor verdi.

#### *Elektronisk signatur*

Då det er noko uvisst i kor stor grad dette har relevans for fylkeskommunen, har vi ingen særleg merknader når det gjeld dette punktet.

#### *Regulering i fleire høgdennivå*

Departementet legg ikkje fram forslag til utfyllande reglar om lagdelte arealplanar, men ber høyringsintansnae vurdere behovet for slike reglar. Vi har ingen særlege innspel på noverande tidspunkt, men ser ikkje bort frå at behovet for reglar kan melde seg når det er hausta meir erfaringar med den nye plan- og bygningslova.

### *SOSI-produktspesifikasjon for digitalt planregister og arealplan*

Arbeidet med SOSI føregår etter det vi forstår i eigen prosess, hovudsakleg i regi av Statens Kartverk og med deltaking frå kommunale planmiljø. Det er undervegs kome stadig nye forslag til kodar for fargebruk og skravur. Arbeidet er pr. dato ikkje slutført og dette gir lite høve til å gi uttømmende kommentarar. Det framgår heller ikkje klårt av høyringsbrevet om det vert forventa høyringsfråsegner direkte knytta til forslag om ny SOSI-standard.

### Kulturminne


Vi har likevel nokre innspel til SOSI-standarden når det gjeld kulturminne, der fylkeskommunen har forvaltningsansvar etter Lov om kulturminne.

Freda kulturminne er bandlagt etter kulturminneloven. Bandlagt areal skal visast på alle plannivå som hensynsone d. (I kommuneplan § 11-8 d, i reguleringsplan § 12-6).

Mange freda kulturminne er små – mindre en 5 meter i diameter. Med føreslått SOSI standard vil freda kulturminne ikkje kunne sjåast på kommuneplankartet. Det er heilt naudsynt på kommuneplannivå å få fram eventuelle konfliktar mellom bandlagt areal og andre arealføremål.

Det er stort behov for at SOSI-standarden har eit punktsymbol som kan brukast for bandlagt areal §11-d på kommuneplannivå, saman med flatesymbol for større areal. Kulturminnevernet i fleire fylke har arbeidd over fleire år for å få inn eit punktsymbol for bandlagt areal på kommuneplaner når dei er på høyring.

Publikum, grunneigar og politikarar må vite kvar det bandlagte arealet er, slik at dei kan ta stilling til denne informasjon samtidig med at det skal takast stilling til arealføremålet.

  
Jan Per Styve

  
Marit Rødseth